



Notat

Dato: 19.06.2018
Arkivsak: 2014/13171-13
Saksbehandlar: snowaag

Orientering om intensjonsavtale i Nordfjella

Kommunane Ulvik, Aurland, Lærdal, Hemsedal, Ål og Hol kommunar, Nordfjellarådet, Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet har inngått ein intensjonsavtale om vidare oppfølging av Nordfjella med sikte på å utrydde skrantesjuke/CWD og å reetablere ein frisk villreinstamme i Nordfjella.

Vedlegg

1 Intensjonsavtale - felles kamp mot skrantesjuke (CWD) på hjortevilt

Bakgrunn

Det ble påvist skrantesjuke/CWD på villrein i Nordfjella i 2016. Dette er fram til nå einaste funn av sjukdomen i Europa. I 2017 ble det beslutta å ta ut all villrein i Nordfjella sone 1 (området mellom Fv. 50 og Rv 52), der sjukdomen var påvist. Dette ble gjennomført vinteren 2017/2018 under leiing av Statens naturoppsyn. Målsettinga er å bekjempe sjukdomen i Norge.

Omfatta departement og statlige etatar har vært tungt inne i prosessen. Omfatta kommunar og Nordfjellarådet er også sentrale aktørar.

Buskerud fylkeskommune ved Steinar Berthelsen, er leiar i Nordfjellarådet. Nordfjellrådet består av ordførar eller ein annan sentral politikar frå alle Nordfjellakommunane, ein politikar frå kvar av fylkeskommunane, ein representant frå kvar av fylkesmennene, ein frå villreinutvalet og ein frå villreinnemnda i området.

Det er no inngått ein intensjonsavtale mellom landbruks- og matministeren, klima- og miljøministeren, ordførarane i kommunane Hol, Hemsedal, Ål, Ulvik, Lærdal og Aurland og leiar i Nordfjellarådet. Avtalens hensikt er å utrydde sjukdomen og bygge opp igjen ein frisk villreinstamme i Nordfjella. Partane skal som ledd i dette i løpet av 2018 utarbeide et heilskapleg program for det vidare arbeidet. *Intensjonsavtale – felles kamp mot skrantesjuke (CWD) på hjortevilt* er lagt ved saken.

Partane er samd om følgjande felles mål:

1. Behalde friske stammer av villrein og anna hjortevilt i Norge
2. Utrydde sjukdomen før den får fotfeste
3. Bygge opp igjen ein frisk villreinstamme i Nordfjella sone 1 raskast mogleg i tråd med vedtekne planer

Partane har avtalt at det vert sett ned eit arbeidsutval som i løpet av 2018 skal utarbeide eit program for det vidare arbeidet og i oppfølginga av intensjonsavtalen. I programmet skal det skisserast mål, tiltak og ansvarsfordeling. Buskerud fylkeskommune ved Berthelsen er vald som medlem av dette arbeidsutvalet.

Fylkeskommunen si rolle i dette er elles at vi saman med Buskerud og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har en regional plan for området. Denne planen er viktig for å sikre at areala vert forvalta på ein slik måte at ein frisk villreinstamme kan reetablerast i området.

Heimelsgrunnlag/ rettsregler

Intensjonsavtalen er inngått på frivillig basis mellom partane.

Økonomiske konsekvensar

Avtalen inneber ikkje nye økonomiske forpliktinga for fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har allereie som regional planmyndighet eit ansvar for å følge opp Regional plan for Nordfjella.

Miljømessige konsekvensar

Avtalen skal bidra til å stadfeste felles mål om betydninga av friske stammer av villrein i Norge, at skrantesjuke må uteryddas og at det er viktig å bygge opp igjen ein frisk villreinstamme i Nordfjella.

Fylkesrådmannens vurdering

Fylkesrådmannen meiner det er positivt at staten ved Landbruks- og matdepartementet og Klima- og miljødepartementet bidrar med ein slik intensjonsavtale saman med omfatta kommunar og Nordfjellarådet. Spesielt er det viktig at det skal etableras eit program som tar føre seg vidare arbeidet med mål, tiltak og ansvarsfordeling for å få til ei reetablering av villreinstammen i Nordfjella.

Fylkesrådmannen anbefaler at KIRU og Fylkesutvalet tar saka til orientering.